

**Viktig informasjonsmøte om mindreårige flyktninger.**

05.06.2016



6 ungdommar frå Afghanistan flyttar inn på Stølen i byrjinga av august.

**Torsdag førstkommande kl.18 er det eit svært viktig møte i Aktivitetshuset. Då vil bygdefolket få informasjon om bufellesskapet føt mindreårige flyktningar på Stølen. Dette er nytt i Kvinnherad, og i den samanheng er det ekstra viktig med informasjon. Alle bør bidra til at dette vert vellukka, og derfor må vi håpa på svært godt frammøte på torsdag.**

Det er 6 ungdommar frå Afghanistan i alderen 13 til 16 år som har fått innvilga opphold, og som skal bu på Stølen. Vi skal ta mot dei i byrjinga av august månad.

Kommunen har tilsett eit godt team av fagfolk som skal ha ansvar for oppfølgjinga av ungdommane som skal bu på Stølen og i eit tilsvarende bufellesskap på Valen. Vigdis Gammelsæther er leiar for denne gruppa. Det er viktig at desse ungdommane vert integrert så godt som mogeleg i bygda, og her er det viktig at vi som bygdefolk hjelper til. I den samanhengen vert alle i lokalmiljøet invitert til informasjonsmøte i Aktivitetshuset torsdag 9.juni kl.18. Dei som skal arbeide med ungdommane skriv i invitasjonen at dei ønskjer eit tett og godt samarbeid med bygdefolket slik at det kan bidra til ein god integreringsprosess for dei flotte ungdommane.

Lat oss visa fram Uskedalen på ein positiv måte ved stort oppmøte torsdag. Vi veit at skulen vert ein viktig samarbeidspartner. Det vert også alle lag som har aktivitetar for aldergruppa, men alle kan gjera noko for at desse ungdommane skal få eit betre liv. Derfor er godt frammøte viktig. Kanskje kan eit lite smil og eit hei bety mykje for ungdomane i starten. Det er også viktig at vi vert kjende med dei som skal arbeida i bufellesskapet.

Også dei som er usikre og skeptiske til bufellesskapet, vil sjølv sagt ha utbyte av å gå på møtet. I slike samanhengar kan informasjon vera ekstra viktig.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland